

**Midtre Holsnøy Grunneigarlag**  
kaller inn til Årsmøte for 2016.  
**I florn på Steinberget tir. 21. mars kl 19:30**

**SAKLISTE:**

Godkjenning av innkalling og sakliste  
Val av skrivar og to til å skriva under i  
protokollen  
Årsmelding  
Regnskap  
Saker frå styret  
Innkomne saker frå medlemmer  
Val

---

**Årsmelding for 2016**

**Styret:**

Leiar: Bjarte Skintveit                      på valg  
Nest leiar: Jørgen Olsvoll  
Kasserar: Børge Skurtveit                på valg  
Skrivar: Ingmunn Skurtveit Åsebø  
Styremedlem:  
Ole Gunnar Rasmussen                    på valg  
  
1 vara: Magnar Askeland                på valg  
2 vara: Atle Dalland                      på valg  
3 vara: Atle Håtuft                        på valg  
4 vara Terje Fløysand                    på valg

**Revisor:**

Arne Gunnleiv Haugsvær                på valg  
Jan Olav Bratshaug                      på valg

**Valnemd:**

Bjørnar Fløysand  
Terje Fløysand  
Bjørnar Brakstad

Styret har hatt 3 styremøte utanom årsmøte.  
Medlemstalet er 54  
kr 18940 på konto 31/12/16  
Regnskapet blir lagt frem på årsmøte.

**Saker grunneigarlaget har arbeidd med i 2016**

**Anadrom fisk:**

Fylkesmannskontoret (v/Gry Walle) som arbeider med saken, har blitt stoppet av olje og energidepartementet. Det er nå miljødirektoratet som skal arbeide vidare med disse sakene. Derfor er det ikke noe nytt i denne saken.

**Overløpsteskel ved nedre Sjevlo:**

Meland kommune har vedtatt at ekspropriering av eiendommer ved nedre Sjevlo er uaktuelt, og at konsesjonen er foreldet og at det må lages ny konsesjon. Det er NVE som styrer konsesjonen og de må komme og se på vassdraget. NVE har utsatt dette så det er ikke så mye nytt i saken.

**Reguleringsfiske:**

Arnt Brakstad har i 2016 foretatt tynningsfiske i Storavatnet  
Resultat: 3940 røye (573,2 kg)  
468 aure  
3 år  
Gjennomsnittsvekten for røye var 146g mot 133g i 2015.

Bjørn Inge Ternes har foretatt tynningsfiske i Rylansvatnet, han fikk løyve fra kommunen til å bruke påhengsmotor. Fiske i høst: det var noe øke i vekt og kvalitet.

**NINA:** Har i august 2016 utført prøvafiske i Storavatnet. De tok vassprøver og fleire prøver av fisk. Det vil komme rapport på dette seinare.

**Andre aktiviteter:**

Vi har fått melding frå private om planer for aktiviteter som orienteringsløype og storfugl jakt.

**Brønnøysundregisteret**

Laget er registrert med org.nr.: 815423372

**Betalingsinfo**  
Medlemskap kr 200,-  
Til konto: 0531 03 04931  
Betalingsfrist: 21. mars 2017  
(Sjå og blankett på baksida)

## Informasjon til medlemmene 2017

Sender innkalling, sakliste, årsmelding, (baksida) innbetalingsinfo og litt informasjon.

Laget si heimeside: [grunneigarlaget.cow.no](http://grunneigarlaget.cow.no)

Det er gledelig med auke i kvalitet og storleik i fiskebestanden i vassdraget. Dette er resultat av tynningsfiske, som vil forsetta i Storavatnet. Ein ser ein auke i aurebestanden i heile Rylandsvatnet.

NVE har ikkje tatt noko avgjer i saka om ekspropriasjon ved nedre Sjevlo. Det er heller ikkje noko nytt i denne saka bortsett frå at NVE vil koma på synfaring i området. Meland kommune har høyrte på grunneigarlaget i denne saka og er kritisk til ekspropriasjon. Smoltanlegget hevdar at vassnivåa vil verta lettare å styra ved ny overløpsdemning med justerbar luke. Grunneigarane er skeptisk til høgda på demningen og redde for at ombygginga kan føra til høgare vassnivå.

Utforminga av ny demning og gjennomføring av arbeidet vil uansett gje endring i landskapet og det er viktig at me kjem med innspel som betrar ferdsel i området.

Vi har utfordra Fylkesmannen på spørsmålet om å igjenn-opna vassdraget for sjøaure. Det er Miljødirektoratet som tar vidare saka. Det må i tilfelle leggast til rette for dette både i Nedre Sjevlo og ved utløpet av Rylandsvatnet.

Ein ser ei auka interesse for å bruke vassdraget i forskjellige samanhengar. Tidlegare har det vore interesse for jakt etter skogsfugl og vadefugl. Terrengeløp på skogstiane var ein idé som ikkje vart noko av. Utleige av båter etc. av ein litt meir kommersiell art kan oppstå. Ein symjeetappe i eit triatlon løp vart gjennomført sist sommer.

Det siste forslaget som har komt oss for øre er treningsarena for konkurranse-robåtar. Her kan det være snakk om avgrensa treningsbane både i Storavatnet og Rylandsvatnet. Vil gjerne høre tilbakemelding frå medlemmane på slik bruk av vassdraget.

Grunneigarlaget har eit nettbasert nyhetsbrev. Har du internett kan du her lese internt nytt frå vassdraget – styremøter, intern og eksternt kontakt, dokument m.m.

Nyhetsbrevet er beskytta med passord slik at det berre er tilgjengeleg for medlemmane i laget.

For å få adresse og passord til sida så må du henvenda deg til e-post [b-bass@online.no](mailto:b-bass@online.no) eller mobil/SMS 450 66 764

For dei som har Facebook står det mykje om vassdraget i gruppa: "Rylandsvassdraget"

Til dei som tipper: no når grunneigarlaget er registrert organisasjon kan du ordne slik at grasrotandelen kan kome laget til gode. org.nr.: 815423372

Vi til slutt takke for oppslutning om grunneigarlaget. Resultatet frå rekneskapet viser ein nedgang i økonomi for kvart år og eg oppfordrer alle til å betale kontigent. Vi må stå samla om vassdraget og ressursane våre.

Leiaren

---

**Vi minner om at medlemskap er knytt til gården og varer til ein evt skriftleg oppseiing. Medlemskontigent er eit viktig tilskudd slik at laget kan driva med arbeide som tynningsfiske, oppgradering av fiskeredskap som igjen styrker kvaliteten på fisken i vassdraget. Fleire frå same gård kan vere medlem, men berre 1 stemme frå kvar gård.**

**Meld frå om evt. adresseendring eller endring i eigartilhøve. Årsmelding og innkalling til årsmøte står på baksida.**

21. mars

Medlemskontigent for Midtre Holsnøy Grunneigarlag for 2017

Kr 200,-

Til konto 0531.03.04931

Midtre Holsnøy Grunneigarlag  
Åsebøvegen 132  
5917 Rosslund